



Handeland Byggsøk
Rabben 55
5108 HORDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/590 - 17/383

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
06.01.2017

Godkjenning- Søknad om endring av gitt tillatelse for veg, vass og avlaupsanelgg, Gbnr 27/75

Administrativt vedtak. Saknr: 05/2017

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

I søknad journalført motteke 21.12.2016 har Handeland Byggsøk på vegne av tiltakshavar Leigland Bygg AS søkt om løyve etter Pbl §§ 20-1 og 20-3 om endring av gitt løyve dagsett 24.8.2011 for bygging av veg, vass og avlaupsanlegg på Moldekleiv (DNT- sak 318/11) på gbnr 27/75 i Meland kommune. Søknaden gjeld endring av plassering for deler av «veg9». Det er i DNT- vedtak 239/2016 godkjent ein mindre reguleringsendring av reguleringsplanen for Moldekleiv, der veg 9 blei flytta. Tiltaket er i samsvar med planen. Vidare er det søkt om endring av ansvarsrettar av ansvarleg søkjar, utførande terrengarbeid, prosjekterande for sjølve endringa, og innmåling av tiltaket.

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 21.12.2016.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er ikkje nabovarsla, ansvarleg søkjar ber om fritak etter Pbl § 21-3, då tiltaket er nyleg varsla i reguleringsendringa ved rekomandert sending datert 12.5.2016. Tiltaket er i samsvar med reguleringsplanen, og endring av ansvarsrettar vil ikkje berøre naboar.

Administrasjonen finn at naboar er tilstrekkeleg varsla, og fritar søkjar for nabovarsling i medhald av Pbl § 21-3 andre og femteledd.

Lov og plangrunnlag:

Eigedommen er regulert av reguleringsplanen for Moldekleiv (arealplanid:125619780001), tiltaket er i samsvar med reguleringsplanen.

Endring av ansvarsrettar:

Handeland Byggsøk har erklært ansvar for SØK funksjonen, Leigland Bygg AS for PRO og overordna UTF, Dalegruppen AS for UTF på Grunnarbeid og landskapsutforming, MagneSkåtun røreleggarforretning for UTF på utvendig VA, Anko AS for UTF på utstikking og kontrollmåling og Byggadministrasjon Harald Bjørndal for PRO av vei. Dei andre ansvarsrettane forblir uendra.

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan dagsett 15.12.2016, vedlagt søknaden. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23-1.

Ansvarleg søkjar skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4, andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl §§ 20-1 og 20-3 løyve til endring av tiltak godkjent i DNT-vedtak 318/11 dagsett 24.8.2011 for bygging av veg, vass og avlaupsanlegg på Moldekleiv, gbnr 27/75 i Meland kommune. Endringa gjeld flytting av veg 9, og endring av ansvarsrettar for SØK, PRO, UTF tømrrar og UTF innmåling.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga ovanfor.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gjort unntak.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsatt ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert krevd gebyr. Det kan klagast over kva for punkt i gebyrregulativet gebyret er berekna ut frå.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 27/75 - Søknad om endring
VEDLEGG G1 - Anko AS
VEDLEGG G2 - Bjørndal AS
VEDLEGG G3 - Dalegruppen AS
VEDLEGG G4 - Handeland Byggsøk
VEDLEGG G5 - Gjennomføringsplan 151216
Søknad om endring - Sak nr 2011000750
VEDLEGG D1 - Ny situasjon, Plan og profil, veg 9
VEDLEGG F1 - Nytt Situasjonsskart veg 9

Mottakere:

Handeland Byggsøk

Rabben 55

5108

HORDVIK